

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Vest Agder.

Tilleggsspørsmål nr. 7

Herad: Lyngdal.

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Berline Skersmyr.

Gard:

(adresse): Lyngdal.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Helt etter eiga røynsle.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Men og etter andre frå yngre kantar av heradet, helst folk i 75-80 åra.

SVAR

1. Ein har ikkje noko samnamn for dei yngre hjelpefor anna enn skav.
2. Dei tunne knistane kalles dei sumtid brom, men elles sjeldt alt under namnet skav.
3. Ein høyer ordet slik: å skava, skjerv, skov, har skave.
4. Ein nyttar skav mykje i eldre tid til kvilerfor. På somme gardar var det vanleg å skava kvar vinter. Dei "sette på" fleir kyr enn dei hadde høg til og skov mykje. Det var serleg dei som hadde små gardar, men helt bra med skov-ved i skogane. På andre gardar skov dei lite eller ikkje i gode høgår, men meir når det hadde vore dårleg høgår.
5. Det var helst asp, raum, eig dei skov, sjeldan aln og ikkje lind. Det var mindre til lind og aln i skogane. Eg høyrde ofte at dei nemnde aln i samband med at den var brukt i bortebrød. Dei skov aldri bartre, men det var òg somme som skov hassel.
6. Eg kjenner ikkje til at skav er nyttar om noko sers tre.
7. Eg har høyr eil rim om godleiken av dei yngre slags skav, men eg har ikkje fått tak i nokon som kan det. Far min, f. 1848, sa noko om at "raum og asp, asp og fö."
8. Det var serleg yngre som fekk skav, helst sumtid litt asp. Somme fekk "røskelhøyet" og "laurkjerrar". Dei laura serleg asp, ask og litt bjørk. Men dei måtte laura så tidly

at det ikkje var gultkjier i laumet.

Kyrne fekk skavet i staden for kveldsgjerna, stumt
blandt med halen eller litt høg. Kyrbarde kyr fekk
helst ikkje skav, det var „for sterkt“ for dei. Kyrne var
lunge på skav, og dei åt dei skavslaga dei brukt her.

9. Dei eg har spurt, seier at kyrne auka på mjølka når dei
fekk skav; men mykje asp kunne giwa litt heist smak
i mjølka.

10. Dei drog til skogs eins ærend for å henta skov-ved. Og
dei tok ikkje meir om gangen enn han blei beutt opp for
han tørka.

11. Her sa dei: „Dei er av eller skov-ved“ når dei spurde
eller mannfolka. Noko anna ord er ikkje brukt her for
henting av ved til skaving.

12. Ved den kaller ein skov-ved kva treslag det så er.

13. Gjærningsordet marka er ikkje kjend her.

14. Det var serleg eller myæret dei tok til med skaving.
Men det var ikkje rekna for noko sær sær eller hardt
å ^{å tørka skov-veden.} arkid V. Dei hogde av tappen og greinene av treet
i god og vel munnhøg og det av lo grunmar. Var
det eit snart snøvar så kunne dei få bak i dei nye
rymningane når likevel; likeins var dei då nærma
mot å bli øydelagt av kyr og sauer når treet
var kappet av så høgt opp. Det er ikkje kjend at
mannfolka skulle gå på fastande kjorke eller gå
på langfredag.

15. Dei sat afte og skov inne i stova når det var kaldt.
Var det mildt kunne dei sitja i eit skjul. Men det
var det vanlegste å sitja inne i stova.

16. Dei nytta ein skavgjå til å skava med. Det var einte
hummelte gjåbrok dei nytta ut. Der var eit hand-
tak av tre i eine enden, ikkje fjell eller noko anna
i den andre enden. Eg trur ikkje alltid at gjå-
beten var gjoraste reidskaper, men alt skulle
myttast ut så langt råd var.

17. Til besjæret og karnskaurar skov dei av noko bark, men det var ikkje serleg med tanke på skav til brøtva. Til skaving nytta dei ein halvsirkelformna krakke; der var ein pinn ein skulle stydjia skavljæen mot.
18. Skavkal blei brukar inn pinnen i krakke og om skalken som stod under hjelken i taket. Nokre nytta rengestolpen, då hadde dei først bündet fast ein smal bordbete til stolpen, så ikkje rengestolpen skulle bli skadd. Når dei så slutta å skava i kuddinga, drog dei rengestolpen for og den skav. heli blei gjymt til dei skulle bli å skava neste dag. Stolpen som sume brukar med stånad i taket, slo seg mer i vegen, og han var ikkje så lett å fjerna. Slik som dei stydjia skavljæen mot, kallar dei skavkal. (Den pålen dei slår ned i jorda når ein tjørn brakar, kallar dei gamle ein hæl. Kan det ha samanheng med at dei ofte trødde pålen ned med hæl?)
19. Dei held i skaftet på skavljæen med høgre hanta opå og dreg kjeppen fram og atkender under skavljæen med venstre hanta.
20. Vedur ein skjiv, kallar ein skovved, og dei små
21. borkbitane kallar ein skavblokker.
22. Ein skjiv helst tunne kjeppar og stranglar, men dei kunne og vera så tjukke at ein kløyvde dei. Skovveden var lengst enn vauleg fannved; ein måtte brøtta eller hogga dei i to for å få dei inn i ovnen.
23. Dei kjeppane ein har skave kallar ein skjevla. (ein skjevle, fleire skjevlar; ein gamal mann var så klark ein skjevil, men dei fleste sa skjevle. Skjevlar kalla vi dei når borken var skaven av, auker dei var så små at vi sa pinnar eller så tjukke at vi sa stranglar. Ein strangle var så tjukk som kring livet av ein mann; fingrane mådde ^{om} stranglen når ein skov, for det mest då. Ein

trang ikkje kløyva dei. Ordet kubbe brukar vi ikkje, vi
sa ein ^{botte (trongo)} ~~trongo~~ var vedslyktet var så tjukt at det måtte
kløyvast. Når botten var kløyv, var det ei skia. "Veda-
bottane" som skulle skavast, blei saga i vanleg "omms-
lengde".

24. Skauet skal vera ~~gjeld~~ tørt, og smale runsar. Dei skov
det slik at dei blei ei smal stripa av ytrebarken, og
breidare av indrebarken, og dei tok like inn til faste
veden. Når dei skov dei smale ^{eller tømme} ~~pinne~~ane, var det ikkje
så nøye om det kom noko av sjålv veden med.
Kyrrne åt det likevel. Berre blokkane var tømme, lika
kyrrne skauet. Tjukk, breid blokkar låg ofte att i
båren. Flink til å skava var den som skov tømme blokkar

25. og fekk stor hang av skav på skutt tid.

25. Skjebane nytta ein til bakenes og til omnen,
kav lunda mesh til omnen.

26. På heimgardane er det heile einn nokre som skjir,
serleg gamle folk; dei synes det er gitt og "kyrrne
har så godt av skav". Og det kjenn vel med i
dårlege høgar. For 1940 var det ikkje så få som
skov. Og ein kan ikkje seia det er heilt slutt.
Det er ennå nok så mykje lauvved i skogane,
men når dei nå hogg ut, planter dei mesh gran
att.